SUM	340 180 656	453 408	338 731 163	996 085	146 000

Note nr. 7: Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar

For marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, skal det opplysast om sum anskaffingskost, balanseført verdi ved inngangen av året, årets resultatførte verdiending og balanseført verdi ved utgongen av året. Første punktum gjeld tilsvarande for derivat som ikkje er ført etter reglane om sikring i § 3-3 tredje ledd.

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-11, d)

I samband med retta emisjon i Sunnfjord Energi A/S fekk Førde kommune utbetalt ein eingongssum på kr 73 955 200,- i 2000. Heile summen var opphavleg sett av til fond, og 60 mill. kr vart plassert i verdipapir. I tillegg plasserte Førde kommune ca. 10 mill. kr i verdipapirfond i samband med erstatning for tapt utbygging av Gaularvassdraget.

Aktivklasse	Anskaffelseskost	Markedsverdi 1.1.	Resultatført verdiending	Markedsverdi 31.12
Aksjer	73 955 200	60 392 296	9 252 901	69 645 213
Obligasjoner	-	114 705 628	1 935 369	116 640 980
Bankinnskot			224 163	224 163
Sum	73 955 200	175 097 924	11 412 433	186 510 357

Fondsforvaltarar	01.01.2020	Avkastning	31.12.2020
C Worldwide Asset Management	77 348 468	5 920 689	83 269 157
DNB Asset Management	72 379 034	4 594 898	76 973 932
Fondsforvaltning	25 370 422	896 846	26 267 268
Sum	175 097 924	11 412 433	186 510 357

Samla avkastning på plasserte midlar i 2020 var på kr 11,4 mill.kr. Dette er 3,9 mill.kr meir enn budsjettet.

Note nr. 8: Sikring av finansielle eigendelar og forpliktingar

Det skal opplysast om kva for finansielle eigendelar og finansielle forpliktingar som vert først i rekneskapan etter reglane om sikring, kva som er tilhøyrande sikringsobjekt, formålet med sikringa og sikringa si varigheit.

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-11, e)

Noten er ikkje aktuell.

Note nr. 9: Lån

For lån skal det opplysast om kor mykje som gjeld lån til egne investeringar, andre sine investeringar, innfriing av kausjonar og vidareutlån. Leigeforpliktingar som er balanseført skal spesifiserast dersom forpliktinga er vesentleg. Det skal og opplysast om gjennomsnittleg løpetid og rente. Det skal i tillegg opplysast om verdien på lån som forfell og må refinansierast i det året rekneskapan vert lagt fram.


Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-12, a)

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid	Rentefot	Refinansering*
Lån til egne investeringer	2 359 049 150	13	1,25	92 598 828
Lån til andres investeringer	-			
Lån til innfrielse av kausjoner	-			
Lån til videre utlån/startlån	342 620 209	1	0,80	
Finansielle leieavtaler	-			

Lån stort kr 92.6 mill. kr. forfell i si heilheit 17.06.2021.

Fordeling rentebinding:

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1. år (fastrente)	534 733 546	22,84
Rentebinding under 1. år (flytande rente)	848 730 911	36,25
Sum rentebinding	1 383 464 457	59,10
Flytande rente (P.t. vilkår)	975 584 693	40,90
Sum	2 359 049 150	100,00



Den samla låneporteføljen si samansetjing fyller vilkåra i finansreglementet til Sunnfjord kommune.

Note nr. 10: Avdrag på lån

Det skal opplystast om størrelsen på minimumsavdraget berekna etter kommunelova § 14-18 første ledd. Det skal og opplystast om sum avskrivningar, verdien på lånegjelda og verdien på dei varige driftsmidlane som ligg til grunn for berekninga. Dersom mottekne avdrag på vidareutlån er brukt til å betale avdrag på lån til formål som nemnt i § 14-15 første og andre ledd og § 14-16, skal det opplystast om beløpet og korleis minimumsavdraget er korrigert for dette.

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-12, b)

Minimumsavdrag	Beløp
Beregnet minimumsavdrag etter kommuneloven §14-18, 1. ledd	94 054 486
Betalte avdrag	94 661 431
Differanse mellom beregnet, korrigerede og betalte avdrag	- 606 945

Avskrivninger	
Bokført verdi avskrivbare anleggsmidler 31.12	3 133 129 047
Bokført verdi lånegjeld 31.12	2 362 444 888
Avskrivninger	124 737 235

Sunnfjord kommune har betalt kr 606.945.- meir i avdrag enn berekna vekta avdrag. Årsaka til dette er at Kommunekreditt ikkje handsama refinansiering av nokre lån korrekt, men behandla renter som avdrag på tre lån. Då refinansieringa vart gjort tett opp under årsskiftet, var det ikkje mogeleg å endre dette.

Note nr. 11: Pensjon

Det skal opplystast om årets pensjonspremiar, netto pensjonskostnad og premieavvik, og om årets amortiseringskostnader og samla pensjonskostnad. Det skal og opplystast om amortiseringsperiodar som vert nytta for amortisering av premieavvik. Det skal i tillegg opplystast om størrelsen på bruk av premiefond i året, og midlar på premiefond ved utgangen av året. Årets netto pensjonskostnad og årets endring i pensjonsmidlar og brutto pensjonsforplikting skal spesifiserast. Det skal opplystast om kva for berekningar som er nytta. Sunnfjord sine pensjonskassar er Statens pensjonskasse og KLP.

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-12, c)

Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik	Beløp	KLP	SPK
Årets pensjonsopptjening, noverdi	115 372 705	95 725 521	19 647 184
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	77 206 390	66 633 759	10 572 631
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	- 82 568 224	- 73 222 971	- 9 345 253
Administrasjonskostnader	6 494 425	5 837 894	656 531
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	110 010 871	89 136 309	20 874 562
Årets pensjonspremie	145 214 857	124 409 377	20 805 480
Årets premieavvik	- 30 160 787	- 29 435 174	- 725 613
Amortiseringsperiodar	-		
Premieavvik over 7 år	92 501 121	93 061 250	- 560 129

Sunnfjord kommune fører ein årleg samla pensjonskostnad beståande av netto pensjonskostnad, administrasjonskostnader og ein avskrivning av tidlegare års premieavvik. Kvart år oppstår eit premieavvik som vert nedskrive over 7 år. Premieavviket er forskjellen mellom netto pensjonskostnad og årets premieinnbetaling. Kommunar som avskriv sitt premieavvik over 7 år, vil ha bygd opp eit betydeleg akkumulert premieavvik. Sunnfjord kommune har opparbeid seg eit premieavvik på kr 92.5 mill. kr. pr. 31/12-2020. Dette skal utgiftsførast i rekneskapa med 1/7 dei næraste 7 åra.

Frå 01.01.2020 vart det innført nye reglar for offentlig tenestepensjon, som eit ledd i tilpassing til pensjonsreforma. Endringane vil for dei fleste kommunar føre til lågare krav til premiereserve (pensjonsfond). Dette vil medføre at frigjorte midlar vil bli tilført kommunen sitt premiefond i KLP i 2021. For Sunnfjord kommune utgjer dette om lag 110 mill. kr i 2021.

Rekneskapsmessige konsekvensar ved bruk av premiefondet

Dersom store delar av premien til KLP vert trekt frå premiefondet i 2021, vil innbetalt premie bli betydeleg redusert. Det vil føre til at premieavviket vert vesentleg lågare enn normalt, truleg negativt. Eit negativt premieavvik vil redusere det akkumulerte premieavviket.

For dei kommande åra vil då samla pensjonskostnad bli noko lågare som følgje av redusert avskrivning av premieavvik. Potensielt er det då rom for å frigjere betydelege midlar. Dette vil kunne få (svært) positive effektar på premie og likviditet i 2021, med tilhøyrande positive rekneskapseffektar frå og med 2022 og framover.

Premiefond	KLP
Innestående på premiefond 01.01.	14 894 115
Tilført premiefondet i løpet av året	-
Bruk av premiefondet i løpet av året	- 892 922
Innestående på premiefond 31.12.	14 001 193

Alle kundar i KLP har eit eige premiefond. Dette er ein konto for tilbakeført premie og overskot. Pengar på premiefond kan berre nyttast til framtidig premiebetaling. Bruk av premiefondet har ikkje resultat effekt, berre likviditetseffekt.

Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar:

Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktelse	Beløp	AGA	KLP	AGA-KLP	SPK	AGA-SPK
Brutto påløpte pensjonsforpliktelse pr. 31.12.	-2 273 157 428	- 320 515 197	-1 940 862 442	-273 661 604	-332 294 986	- 46 853 593
Pensjonsmidlar pr. 31.12.	2 219 916 915	313 008 285	1 933 489 973	272 622 086	286 426 942	40 386 199
Netto pensjonsforpliktelse pr. 31.12.	- 53 240 513	- 7 506 912	- 7 372 469	- 1 039 518	- 45 868 044	- 6 467 394

Pensjonsforpliktingar § 13-2 nr. A slår fast at berekning av kommunen si pensjonsforplikting skal ta utgangspunkt i de pensjonsyttingar som kan forventast, og dei må stå i forhold til det pensjonsløftet som er gitt. Det er dermed ikkje ytingane på løns- og pensjonsnivå på balansedagen som dannar utgangspunkt, men sluttlønsnivået og forventa nivå på pensjonen dei år den tilsette vil være pensjonist som dannar utgangspunktet for berekninga. Berekninga av kommunen si pensjonsforplikting må difor baserast på forventningar om framtidig lønsvekst for å komme fram til sluttløn, og samtidig ta omsyn til reguleringar av framtidige pensjonsutbetalingar.

Pensjonsmidlar:

Kommunen si pensjonsordning er finansiert gjennom fondsopplegg i KLP. Strengt regelverk gjer at fondsfinansiering er ei automatisk sikring av at pensjonsforpliktingane på balansedagen kan oppfyllest. Oppbygging av fond kan sjåast på som ei investering i avkastning på fondsmidlane. Avkastninga skal redusere nødvendige premieinnbetalningar. Størrelsen på pensjonsmidlane vil endre seg i løpet av eit rekneskapsår. Endringa består i at kommunen betalar årets pensjonspremie som aukar pensjonsmidlane, og KLP utbetalar pensjon som reduserer pensjonsmidlane. Vidare vil avkastning på pensjonsmidlane komme som eit tillegg. § 13-2 nr. D angir i tråd med dette at kommunen sine pensjonsmidlar på balansedagen 31.12, skal ta utgangspunkt i pensjonsmidlane som avlagt ved fjorårets rekneskapsavslutning. Som tillegg kjem årets innbetalte pensjonspremie og årets forventta avkastning på pensjonsmidlane. Til frådrag kjem årets pensjonsutbetaling.

Estimatavvik:

Estimatavvik og planendringar	Estimatavvik Pensj.midlar	Estimatavvik Pensj.forplikt ingar	Pensj.midlar	Pensj.forplik tingar	Pensj.midlar	Pensj.forplik tingar
	Beløp	Beløp	KLP	KLP	SPK	SPK
Estimatavvik 31.12.	102 936 819	- 176 367 560	59 412 771	-104 411 688	43 524 048	- 71 955 872

I samband med rekneskapsavslutninga 2020, er balansestørrelsane pensjonsforplikting, pensjonsmidlar og resultatstørrelsen premieavvik berekna av aktuar ein gong på hausten. Berekingan vert då gjort på bakgrunn av størrelsar som ikkje er endeleg kjent 31.12.

I perioden etter berekinga fram til 31.12, kan det til dømes komme til nye tilsette, tilsette kan slutte, nokre kan verte uføre. Bestanden av tilsette, kva for rettar som er opptent, mm. er difor ikkje kjent på berekingstidspunktet. Eksempel på andre størrelsar som er usikre på berekingstidspunktet er faktisk lønsvekst og faktisk avkastning på pensjonsmidlane. Når aktuaren gjer berekinga av pensjonsforplikting og midlar p.r. 31.12, vil berekinga berre gi estimerte tal. Balansestørrelsane pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar per 31.12, er difor berre estimert.

Året etter vil ein ha oversikt over faktisk bestand, faktisk lønsutvikling og faktisk avkastning. Dette gir grunnlag for å berekne kva pensjonsforplikting og pensjonsmidlar pr. 31.12 faktisk vart.

Etter § 13-3 nr. C skal det året etter rekneskapsavslutninga gjerast ny bereking av pensjonsforpliktinga per 31.12. Når det gjeld pensjonsmidlane skal ikkje aktuaren gjere ny bereking av pensjonsmidlane fordi faktisk verdi på pensjonsmidlane vert oppgitt av KLP i løpet av våren, då avkastninga av pensjonsmidlane er kjent. Faktiske pensjonsmidlar og ny bereking av fjorårets pensjonsforplikting vil avvike frå dei tala som vart avlagt i rekneskapsåret. Vi kallar avvika estimatavvik. Etter § 13-3 nr. D skal estimatavvika for høvesvis pensjonsforplikting og pensjonsmidlar opplystast i note.

Verknaden av planendringar KLP	- 123 620 445
---------------------------------------	---------------

Endringar i pensjonsordninga kallar vi for planendringar. Planendringar er endringar i vilkåra i ei pensjonsordning som påverkar pensjonsyttinga. Når ein for eksempel

endrar regelverket for samordning , vil det vere ei planendring som og påverkar berekninga av ytingane og dermed den rekneskapsmessige forpliktinga. Tabellen over viser at den framtidige forpliktinga vil verte redusert med 123.6 mill.kr.

Beregningsføresetnader	KLP	SPK	
Forventa avkastning pensjonsmidlar	4,00	4,00	
Diskonteringsrente	3,50	3,50	
Forventa årlig lønnsvekst	2,48	2,48	
Forventa årlig G- og pensjonsregulering	2,48	2,48	

Note nr. 12: Garantiar gitt av kommunen

For kvar garanti skal det opplysast om kva garantien er stilt for, type garanti, godkjent garanti-ramme opprinneleg garantiansvar og gjenstående garantiansvar ved utgangen av rekneskapsåret, og når garantiansvaret går ut. Garantiar som gjeld privatpersoner kan summerast og opplysast samla. Dersom ein garanti er innfridd eller det er sannsynleg at ein garanti må innfriast, skal det opplysast om kva for garanti det gjeld og innfriingsbeløpet.

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-12, d)

Garanti gitt overfor	Type garanti	Restgaranti	Opprinnelig garantiansvar/lån	Garantiens utløpstidspunkt	Godkjente garantier som ikke har begynt å løpe
Sunnf. Kyrkjelege fellesråd	Sjølvskuldnargaranti	27 483	201 580	2021	KLP
Sunnf. Kyrkjelege fellesråd	Sjølvskuldnargaranti	717 750	870 000	2045	KLP
Sunnf. Kyrkjelege fellesråd	Sjølvskuldnargaranti	860 000	1 280 000	2036	KLP
Sande barnehage	Sjølvskuldnargaranti	1 260 660	2 177 468	2031	Kommunalbanken
Alarmsentralen Sog og Fj.	Sjølvskuldnargaranti	88 846	604 000	2024	KLP
Gaular bustadstifting	Sjølvskuldnargaranti	5 700 308	8 905 450	2033	KLP
Sum		8 655 047	14 038 498		

Note nr. 13: Vesentlege bundne fond

For bundne fond som er vesentlege, skal det opplysast om kva for formål fondet er bunde til. Det skal også opplysast om årets avsetning til eller bruk av fondet og størrelsen på fondet ved utgangen av året. Dersom det ikkje har vore brukt av fondet i rekneskapsåret, skal det i tillegg opplysast om årsaka til dette.

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-13, a)

Bunde fond - formål	Bokført verdi 01.01.	Avsetning	Bruk	Bokført verdi 31.12.
Bundne driftsfond	-102 336 958	-26 456 954	29 582 214	99 211 699
Sjølvkostfond	-4 403 505	-4 007 686	431 883	7 979 308
Sum	-106 740 463	-30 464 640	30 014 097	107 191 007
Bundne investeringsfond	51 888 557	32 256 040	-16 670 594	67 474 003

Tabellen under syner bruk av bundne driftsfond:

Bruk av bundne driftsfond		
88000	Skjønsmidler Jølster m.m	- 15 140 185
12010	Administrativ leing	- 3 469 913
23300	Anna førebyggjande helsearbeid	- 2 025 066
38570	Frivilligsentral	- 1 494 703
25400	Helse- og omsorgstenester til heimebuande	- 1 004 641
36000	Naturforvaltning og friluftsliv	- 961 897
32500	Tilrettelegging og bistand for næringsliv	- 685 831
20200	Grunnskule	- 593 150
25404	Utviklingsssenter for heimetenester	- 536 175
33810	Feiarvesen	- 437 893
23210	Helsestasjon/skulehelseteneste	- 410 000
38300	Kulturskular	- 393 000
20100	Barnehage	- 376 817
25420	Heimesjukepleie	- 341 535
	Andre tenestemråde	- 2 143 291
	Sum bruk av bundne driftsfond	- 30 014 097

Tabellen under syner avsetning til av bundne driftsfond:

Avsetning til bundne driftsfond		
28500	Reformstøtta	4 314 000
28500	Breiband	1 620 881
20200	Grunnskule	3 609 995
35300	Avløpsnett og innsamling av avløpsvatn	2 770 054
25400	Helse- og omsorgstenester til heimebuande	1 737 904
38530	Støtte til frivillege lag og organisasjon	1 500 000
38570	Frivilligsentral	1 493 885
13000	Administrasjonslokale	1 406 592
32500	Tilrettelegging og bistand for næringsliv	1 239 475
30210	Bygge- og delesakshandsaming - Sjølvkost	1 224 920
23300	Anna førebyggjande helsearbeid	1 070 913
29010	SYS-IKT	850 000
24400	Barnevernstjeneste	808 000
25300	Helse- og omsorgstenester i institusjon	765 161
38511	Kulturarrangement utanfor Førde sentrum	628 687
24100	Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering	593 124
24200	Råd, rettleiing og sosial førebyggjande arbeid	500 000
20100	Barnehage	444 354
36000	Naturforvaltning og friluftsliv	376 663
	Andre tenestemråde	3 510 032
	Sum	30 464 640

Tabellen under syner bruk av bundne investeringsfond:

Avsetning til bundne investeringsfond		
110024	Hafstad bydel - motteke anleggsbidrag (F 1291)	3 259 464
110028	Parkeringsfond	128 155
120001	IKT investering skule	2 085 303
160015	Turveg Slåtten - Kvammen	51 000
170045	Rehabilitering av hus og hage i Astruptunet	8 109 441
170054	Reguleringsplan Kjøsnes	1 307 310
170089	Elvesti langs Jølstra, Storehagen vest (F 1412)	2 160 089
170090	Vikalivegen	2 520 000
170158	Rehabilitering av inngangsparti Førdehuset (koronatiltak)	300 000
170159	Rehabilitering av inngangsparti Eikaasgalleriet (Koronatiltak)	300 000
170160	Rehabilitering uteområde Sande omsorgssenter (Koronatiltak)	425 436
170161	EL ladepunkt (Koronatiltak)	242 600
170194	Branntankbil beredskap	300 000
190000	Startlån Husbanken	11 067 242
	Sum	32 256 040

Tabellen under syner avsetning til bundne investeringsfond:

Bruk av bundne investeringsfond		
119001	SYS felles EPJ system (F 1569)	- 104 833
119002	SYS datasenter (F 1635)	- 508 470
160001	Toppturparkering	- 97 371
160012	Øyra Løken nærmiljøanlegg, sykkeløype (N 3595)	- 218 788
160024	Oppgradering Fotballbane (N 3569)	- 94 180
160025	Dagsturhytte (N 3568)	- 380 002
160026	Øyra/Løken Ballbane	- 12 000
170087	Ny traktor Jølster, John Deere 6155R inkl hengar JP4920	- 590 000
170089	Elvesti langs Jølstra, Storehagen vest (F 1412)	- 812 965
170092	Astruptunet - forprosjekt visningscenter (J 2465)	- 384 983
170142	VA og veg Trolleskaret (G 3138)	- 78 550
170156	Utgreiing av parkeringsanlegg i Førde	- 430 522
170186	Rehabilitering Lunden barnehage (N 1531)	- 290 826
170187	Nybygg NBU (N 1532)	- 931 164
190000	Startlån Husbanken	- 11 735 941
	Sum	- 16 670 594

Note nr. 14: Sjølvkost

For gebyr som etter lov eller forskrift ikkje skal vere større enn sjølvkost, skal det for kvart gebyrområde opplysast om gebyrinntekter, berekna sjølvkost, sjølvkostresultat, avsetning til eller bruk av sjølvkostfondet, eventuelt dekning av framført meirforbruk frå tidlegare år eller framføring av årets meirforbruk til dekning i seinare år. Det skal og opplysast om størrelsen på sjølvkostfondet, eventuelt akkumulert meirforbruk, ved utgangen av året. Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-13, b)

Sunnfjord kommune har utarbeida etterkalkyler for gebyrfinansierte sjølvkosttenester i samsvar med "Forskrift om beregning av selvkost". Kommunen nyttar modellen Momentum Selvkost Kommune for beregning av sjølvkost.

Sjølvkost inneber at kommunens kostnader med å yte tenestene blir dekt av gebyra som brukarane av tenestene betaler. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på tenestene. For å kontrollere at dette ikkje skjer må kommunen utarbeide ein sjølvkostkalkyle som viser sjølvkostrekneskapen for det enkelte gebyrområdet. Elementa i ein sjølvkostkalkyle avviker frå kommunens ordinære driftsrekneskap på enkelte områder og dei to rekneskapane vil, som oppstillinga under viser, ikkje vere direkte samanliknbare.

<p>Samla sjølvkost:</p> <p>+ Direkte driftsutgifter</p> <p>- Andre inntekter enn gebyrinntekter</p> <p>+ Indirekte driftsutgifter (adm. utgifter)</p> <p>+ Kalkulatorisk rentekostnad</p> <p>+ <u>Kalkulatorisk avskrivningskostnad</u></p> <p>= Gebyrgrunnlag</p> <p>- <u>Gebyrinntekter</u></p> <p>= Sjølvkostresultat*</p>	}	<p>Driftsrekneskapen:</p> <p>+ Direkte driftsutgifter</p> <p>- <u>Andre inntekter enn gebyrinntekter</u></p> <p><i>Postane fins berre i sjølvkostkalkylen og utgjer m.a. sjølvkostområdenes bidrag til kommunekassens utgifter til renter og avdrag. Postane skal ikkje forast i driftsrekneskapen.</i></p> <p>= Resultat før gebyrinntekter</p> <p>- <u>Gebyrinntekter</u></p> <p>= Driftsresultat (alltid større enn selvkostresultat)</p>
--	---	---

* Sjølvkostresultatet forast mot sjølvkostfond og/eller memoriakonti i balanserekneskapen.

2020	Vatn	Avløp	Feiing	Renovasjon	Slam
Etterkalkyle sjølvkost					
Gebyrinntekter	27 145 814	37 645 189	4 877 640	29 922 688	4 872 994
Øvrige driftsinntekter	85 557	693 174	167 042	0	-301
Driftsinntekter	27 231 371	38 338 363	5 044 682	29 922 688	4 872 693
Direkte driftsutgifter	15 417 731	21 874 805	5 212 487	29 263 016	4 704 649
Avskrivningskostnad	9 608 306	9 758 794	43 150	16 885	0
Kalkulatorisk rente (1,39 %)	1 324 916	1 778 906	7 703	6 616	0
Indirekte netto driftsutgifter	878 659	697 199	231 792	636 171	168 044
Indirekte avskrivningskostnad	2 430	3 981	1 925	0	0
Indirekte kalkulatorisk rente (1,39 %)	16,6	27,6	13	0	0
Driftskostnader	27 232 058	34 113 712	5 497 070	29 922 688	4 872 693
Resultat	-687	4 224 651	-452 388	0	0
Kostnadsdekning i %	100,00 %	112,38 %	91,77 %	100,00 %	100,00 %
Sjølvkostfond 01.01	964 272	250 451	1 701 342	0	0
+ Avsetning til sjølvkostfond	0	4 224 651			
- Bruk av sjølvkostfond	-687	0	-452 388	0	0
Kalkulert renteinntekt sjølvkostfond (1,39 %)	13 399	32 843	20 505	0	0
Sjølvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond)	976 984	4 507 945	1 269 459	0	0

2020 Etterkalkyle sjølvkost	Private planar	Byggesak	Oppmåling	Eigar - seksjonering	Ureinings - mynde
Gebyrinntekter	1 853 455	5 094 830	2 197 631	88 000	79 455
Øvrige driftsinntekter	3 774	0	0	0	47 840
Driftsinntekter	1 857 229	5 094 830	2 197 631	88 000	127 295
Direkte driftsutgifter	2 370 950	3 507 211	2 126 244	97 126	959 017
Avskrivningskostnad	25 000	25 000	25000	0	0
Kalkulatorisk rente (1,39 %)	521	521	521	0	0
Indirekte netto driftsutgifter	193 686	343 806	164 107	7 324	84 523
Indirekte avskrivningskostnad	967	1 813	841	37	374
Indirekte kalkulatorisk rente (1,39 %)	7	13	6	0	2,6
Driftskostnader	2 591 131	3 878 364	2 316 720	104 488	1 043 916
Resultat	-733 902	1 216 466	-119 089	-16 488	-916 621
Kostnadsdekning i %	71,7 %	131,4 %	94,9 %	84,2 %	12,2 %
Subsidiering	733 902		119 089	16 488	
Sjølvkostfond 01.01	0	0	0	0	0
+ Avsetning til sjølvkostfond	0	1 216 466	0	0	0
- Bruk av sjølvkostfond	0	0	0	0	0
Kalkulert renteinntekt sjølvkostfond (1,39 %)		8454		0	0
Sjølvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond)	0	1 224 920	0	0	0
Framførbart underskot 01.01	0	0	0	0	0
Inndecking framførbart underskot	0	0	0	0	0
- Underskot til framføring	0		0	0	-916 621
- kalkulert rentekostnad framførbart underskot	0	0	0	0	-6 371
Framførbart underskot 31.12 (inkl. rente på f	0	0	0	0	-922 992

Note nr. 15: Sal av aksjar (finansielle anleggsmidlar)

For inntekter frå sal av aksjar som er klassifisert som finansielle anleggsmiddel, skal det opplyst om beløpet som er ført i investeringsrekneskapen og driftsrekneskapen.

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-13, c)

Prosjekt		Regnskap	Budsjett inkl. endring
110025	Sal av aksjar Førdefjorden Energi AS	- 2 900 000	- 2 900 000
110027	Sal av aksjar Kommunekraft AS	- 2 000	-

Sunnfjord kommune selde sin aksjepost i Førdefjorden Energi AS til BKK Varme for kr 1.160.- kroner per aksje, samla 2 900 000 kroner. Vedtak (KST-090/20).

I samband med samanslåinga til Sunnfjord kommune, handsama fellesnemnda eigarskapsmelding for den nye kommunen. For selskapet Kommunekraft AS heiter det i eigarskapsmeldinga: Tenestene til selskapet blir ikkje nytta i dag. Tilråding: Ikkje vidareføre eigarskapen.

Note nr. 16: Ytingar til leiande personar

Det skal opplysast om ytingar til leiande personar i verksemda.

Namn	Stilling	Grunnløn	Årsløn
Olve Grotle	Ordførar	1 269 100	1 269 100
Jenny Følling	Varaordførar	951 900	992 627
Ole John Østenstad	Kommunedirektør	1 531 900	1 603 028
Lise Mari Haugen	Ass.kommunedirektør	1 046 900	1 086 092
Åge Stafsnes	Kommunalsjef	946 900	972 151
Kurt Even Andersen	Kommunalsjef	946 900	982 348
Kirstin Synnøve Bruland	Kommunalsjef	946 900	972 151
Øyvind Bang Olsen	Kommunalsjef	1 024 900	1 066 900
Kristine Steindal	Kommunalsjef	946 900	982 348
Hilde Bjørkum	Kommunalsjef	946 900	951 940

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-13, d)

Note nr. 17: Godtgjersle til revisor

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-13, e)

Teneste		Regnskap	Budsjett inkl. end	Budsjett
11050	Revisjon	979 000	1 682 000	3 682 000
11051	Kontrollutval	884 704	1 004 289	1 006 325
	Sum	1 863 704	2 686 289	4 688 325

Note nr. 18: Andre notar

Det skal og lagast noteopplysningar om andre forhold dersom opplysningane ikkje går fram av årsrekneskapen elles, og er vesentlege for vurderinga av den økonomiske utviklinga og stillinga. Det skal og lagast noteopplysningar om andre forhold når det følgjer av anna lov eller forskrift.

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 15-15 1. ledd første punktum

18.1 Åpningsbalansen til Sunnfjord kommune

Det skal utarbeidast informasjon om etableringa av åpningsbalansen, her forskjellen mellom balanseverdier i dei gamle kommunane per 31.12.2019 og åpningsbalansen.

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 15-15 1. ledd første punktum

Balanseverdiane i dei gamle kommunane vart vidareført etter kontinuitetsprinsippet . Eigendelar, gjeld og eigenkapital vart overført til Sunnfjord kommune sin åpningsbalanse, og til den verdi som var bokført 31.12.2019 i dei «gamle» kommunane sine rekneskap.

Interne mellomverande mellom kommunane er eliminert i åpningsbalansen. Mellomverande pr. 31.12.19 består i all hovudsak av slutfakturering/kreditering av samarbeid innan PPT, IKT, Barnevern, NAV, gjesteelevar, legeordning og kommunereformarbeid. Det er ikkje mellomverande langsiktig gjeld eller

anleggsmiddlar mellom kommunane. Tabellen under viser mellomverande pr. 31.12.2019.

Tabellen

Mellomverande samanslåingskommunane pr 31.12.19								
	Kortsiktige fordringar				Kortsiktig gjeld			
	Førde	Gaular	Jølster	Naustdal	Førde	Gaular	Jølster	Naustdal
Førde		187 509	-124 535	7 975		-557 062	-51 053	-14 217
Gaular	753 804		6 960	1 960	53 569			
Jølster	51 053				-307 250	-6 960		
Naustdal	-14 977				-523 643	-1 960		

Tabellen under viser utgåande balanse for dei 4 kommunane og inngåande balanse for Sunnfjord kommune, der mellomverande mellom kommunane er eliminert.

Åpningsbalanse Sunnfjord kommune pr 01.01.2020						
Kapittel	Kapittel (tekst)	Førde	Jølster	Gaular	Naustdal	Sunnfjord
1	Omløpsmidler					
10	Bankinnskott og kontantar	226 537 757	118 514 728	85 097 970	33 240 540	463 390 996
13	Kundefordringar	66 948 260	27 398 083	17 590 938	19 786 416	131 723 697
18	Aksjar og andelar (omløpsmiddel)	175 097 924	-	-	-	175 097 924
19	Premieavik	45 933 281	19 055 143	17 448 584	10 473 932	92 910 940
1	Sum omløpsmidler	514 517 222	164 967 955	120 137 492	63 500 888	863 123 557
2	Anleggsmiddel					
20	Pensjonsmidlar	1 063 873 876	349 866 575	324 477 409	303 707 711	2 041 925 571
21	Aksjar og andelar (anleggsmiddel)	336 515 714	113 543 467	112 162 561	53 998 827	616 220 569
22	Utlån	228 394 995	22 929 904	19 913 835	31 382 572	302 621 306
24	Utstyr, maskiner og transportmidler	27 838 683	9 672 007	23 412 470	16 351 269	77 274 428
27	Faste eigedommar og anlegg	1 991 906 952	448 281 280	292 604 853	451 801 037	3 184 594 122
2	Sum anleggsmiddel	3 648 530 220	944 293 232	772 571 128	857 241 417	6 222 635 997
3	Kortsiktig gjeld					
31	Likviditetslån	-	-812 121	-	-	-812 121
32	Annan kortsiktig gjeld	-143 431 296	-47 357 269	-34 300 478	-30 123 214	-255 212 257
39	Premieavik	-340 174	-829 934	-484 365	-1 098 311	-2 752 784
3	Sum kortsiktig gjeld	-143 771 470	-48 999 325	-34 784 843	-31 221 524	-258 777 162
4	Langsiktig gjeld					
40	Pensjonsforpliktelse	-1 225 142 404	-399 857 494	-373 182 005	-351 962 794	-2 350 144 697
45	Gjeld til kredittinstitusjonar	-1 566 154 036	-400 388 132	-281 896 118	-418 627 069	-2 667 065 355
4	Sum langsiktig gjeld	-2 791 296 440	-800 245 626	-655 078 123	-770 589 863	-5 017 210 052
5	Eigenkapital					
51	Bundne driftsfond	-46 945 286	-40 776 708	-14 590 677	-4 427 792	-106 740 463
53	Ubunde investeringsfond	-52 707 964	-5 623 714	-6 655 871	-708 441	-65 695 991
55	Bundne investeringsfond	-41 753 684	-3 676 738	-1 107 151	-5 350 984	-51 888 557
56	Disposisjonsfond	-86 578 710	-3 131 063	-11 341 028	-1 955 770	-103 006 572
581	Prinsippendringar som påverkar AK d	-176 735	-1 625 051	-1 530 131	1 104 834	-2 227 083
5950	Rekneskapsmessig mindreforbruk	-20 617 831	-7 384 175	-3 985 054	-2 410 723	-34 397 783
5970	Udekkja i investeringsrekneskapen	2 247 231	-	492 739	3 347 103	6 087 073
5990	Kapitalkonto	-981 433 995	-197 535 630	-164 944 775	-107 988 564	-1 451 902 964
5	Sum eigenkapital	-1 227 966 975	-259 753 079	-203 661 947	-118 390 338	-1 809 772 339
9	Memoriakonti					
9100	Ubrukte lånemidlar	125 206 287	51 947 994	47 261 888	20 779 623	245 195 791
9200	Andre memoriakonti	1 487 440	-	-	-	1 487 440
9999	Motkonto for memoriakonti	-126 693 727	-51 947 994	-47 261 888	-20 779 623	-246 683 231

18.2 Investering i nybygg og anlegg

Investeringsrekneskapen for Sunnfjord kommune er gjort opp i tråd med Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner kapittel 4. Investeringsrekneskapen er gjort opp utan udekkede beløp.

Tabellen syner dei mest vesentlege investeringsprosjekta i 2020 med tilhøyrande totalbudsjett og utgifter.

Vesentlege investeringar 2020							
Prosjekt	Prosjektnamn	Utgifter 2020	Totalt budsjett	Totale utgifter	Generell finansiering	MVA komp.	Øyremerkede midlar
170034	Fotballhall Skei (J 2431)	29 826 736	85 866 043	70 839 963	-	37 698 402	- 11 216 561
170002	BEF, Idrettshall Halbrend (FO 1499)	26 850 171	33 935 000	27 220 675	-	22 811 061	- 4 409 614
170033	Fleirbrukshall Vassenden (J 2432)	26 705 632	48 782 379	47 946 184	-	37 871 732	- 7 625 302
170006	BEF, 14 stk omsorgsbustadar	20 353 860	34 290 000	20 353 860	-	1 741 860	- 18 612 000
170003	BEF, Bygstad idretts - og fritidspark (GA 3133)	17 415 613	49 667 858	19 847 613	-	5 302 567	- 2 795 046
170046	Avlastingsbustad sentrum, Prestebøen 19 (F1338)	17 414 255	38 337 551	18 167 115	-	14 658 420	- 3 508 695
120001	IKT investering skule	7 930 840	14 770 953	10 016 143	-	-	- 1 016 143
170043	Tiltak Naustdal sjukeheim (uteområde) (N 2016)	7 522 547	13 494 317	8 127 347	-	6 549 900	- 1 577 447
170036	Sunde skule (F 1530)	6 935 495	71 732 806	71 156 298	-	57 375 298	- 13 781 000
170059	Årsetelvbua, gjenoppbygging etter flaum	4 549 093	-	4 549 093	-	-	- 853 776

I tabell under framkjem prosjekt med udekkede i investeringsrekneskapen frå tidlegare år. Dette er prosjekt med udekkede frå 2017 som ikkje er finansiert enda. Prosjekta skulle finansierast av spelemidlar jamfør BY 058-18.

Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap
160002	Barnepark Festplassen (F 1284)	61 417
160008	Ballbane Halbrend skule (F 1484)	349 515
160009	Turveg Vieåsen (F 1489)	10 000
160010	Ballbinge Førde ungdomskule (F 1494)	493 979
	Sum udekkede i investeringsrekneskapen frå 2017	914 911

18.3 Uttale frå leiinga vedkommande årsrekneskapen til Sunnfjord kommune for 2020- fullstendighetserklæring.

Vi stadfestar etter beste evne og overtyding at:

Rekneskap og budsjett :

- Vi har oppfylt vårt ansvar for at kommunen sin rekneskap og økonomiforvaltning er gjenstand for god kontroll, her medrekna slik intern kontroll som vi finn naudsynt for å mogleggjere utarbeiding av ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil. Vi har oppfylt vårt ansvar vedkommande utarbeiding av rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsmelding (for kommunar og fylkeskommunar). Vi meiner at rekneskapen gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Det er teke tilstrekkeleg omsyn til og opplyst om forhold til nærstående partar og transaksjonar med desse i samsvar med krava i internasjonale standardar for finansiell rapportering.

- Alle hendingar etter utløpet av rekneskapsåret som iflg god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigerer eller omtale, er korrigert og omtalt.
- Vi meiner at verknaden av ikkje korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapsåret. Ei liste over ikkje korrigert feilinformasjon følgjer som vedlegg eller er teke med i noteopplysningane til rekneskapen.
- Rettssaker/ tvistar pr. 31.12.2020:
 - Bilskadesenteret Eigedom AS mfl., tvist om gyldighet av utbyggingsavtale, tvistesum ca. 9 mill.
 - Krav i konkursboet Hugaas Entreprenør AS, erstatningskrav inntil ca. kr 6,5 mill.
 - Jølstra kraft, tilretteleggingskostnader i Sunnfjord næringspark, tvistesum ca. 30 mill.
 - Mogleg tvist om mva-refusjon ved kjøp av omsorgsboligene i Langebruvegen, tvistesum ca. 5 mill.
 - I tillegg har vi mottatt prosessvarsel i to mindre saker. Økonomisk konsekvens av rettssaker/ tvistar gjeld i all hovudsak investeringsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar utover det som er omtalt i denne noten, og som kan medføre vesentlege forplikningar for kommunen .
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

Etterlevingskontroll RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik:

- Vi stadfestar at vi er ansvarlege for å etablere ein internkontroll som sikrar etterleving av budsjettvedtak og kontroll med eventuelle vesentlege avvik som det skal gjevast utgreiing om i årsmeldinga.
- Vi stadfestar at årsmeldinga gjev ei dekkande utgreiing for.
 - Vesentlege beløpsmessige avvik frå taldelen i årsbudsjettet.
 - Vesentlege avvik frå premissa til kommunestyret for bruken av løyvingane.

Opplysningar som er gjevne:

Vi har gjeve revisor:

- Tilgang til alle opplysningar som vi har kjennskap til, og som er relevante for utarbeidinga av årsrekneskapen. Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om for revisjonsføremål, og uavgrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis ifrå.
- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultatane av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følge av misleghald. (viser til eige brev frå revisor og vårt svarbrev om dette).

- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle kjende tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeidinga av rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærstående partar og alle forhold til nærstående parter og transaksjonar med desse, som vi er kjende med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktingar, både aktuelle og latente, og har i note til årsrekneskapen gjeve opplysning om kommunen sine garantiansvar mv.
- Vi har omtalt vesentlege budsjettavvik, både beløpsmessige avvik og avvik frå premissa til kommunestyret, om bruken av løyvingar i årsmeldinga

Førde 17/2-2021



Ole John Østenstad

Kommunedirektør

Terje Guddal



Rekneskaps ansvarleg